

## STATUS - BREIBANDSUTBYGGING I SELJE KOMMUNE

### Status september 2017

I 2014 etablerte staten ei ny tilskotsordning for breibandsutbygging, administrert gjennom Nkom ( Norsk kommunikasjonsmyndighet) og Fylkeskommunen. Ordninga skal medverke til å sikre eit godt breibandtilbod til områder det ikkje er lønsamt å byggje ut på kommersielle vilkår. Nesten heile Selje kommune er i den katogori at kommersielle aktørar som Telenor, Eninvest, m.fl. , ikkje finn det økonomisk forsvarleg å bygge fiber utan tilskot.

Dette medfører at store delar av kommunen i dag må nytte koparnettet, dvs . det "gamle" telefonnettet (ADSL/VDSL) med kablar til kvart einskild hus. Dette nettet kan levere bra kapasitet så lenge ein bur nær ein telesentral, men kapasiteten vert sterkt svekka jo lenger avstand til sentralen. Som oftast er kapasiteten ut (sending av bilete og liknande) svært liten.

Fleire brukar mobilnettet som kan levere data med høg kapasitet, men kapasiteten vert delt likt mellom dei samtidige brukarane i området og kostnadene kan vere relativt høge.

### Område som i dag har fiber er:

Borgundvåg: Utbygt med støtte frå Nkom, Sogn og Fj. Fylkeskommune og Selje kommune. Bustadar langs traseen Leikanger- Beitveit skal ha tilbod om tilknytning.

Flatraket : Utbygt med eigenfinansiering, dugnad og støtte frå Sogn og Fj. Fylkeskommune (tidlegare statleg løyving )

Deler av Selje sentrum :  
Eninvest AS har bygt kommersielt.

I tillegg har nokre større verksemdar i kommunen tilgang på fiber.

### Tilskot i 2016/2017

Selje kommune har i 2016 og 2017 fått støtte frå Nkom, Sogn og Fj. Fylkeskommune og Selje kommune på desse plassane:

Lesto- Salt: (No utvida til Hamre og Rundereim). Planlagt oppstart hausten 2017, men ventar på svar på ein søknad om delfinansiering.

\*Årvik/Honningsvåg:  
Planlagt oppstart våren 2018

Dalskaret (Leikanger) – Ervik:  
Planlagt oppstart våren 2018, med atterhald om fullfinansiering og tilbod innanfor budsjett.

\*Årvik /Honningsvåg er avhengig av at vi får fullfinansiert traseen Dalskaret – Ervik, då ein treng samankopling på Ferstad.

### **Fullfinansiering:**

Tilskotsordningane i dag er basert på at Nkom og fylkeskommunen dekker 1/3, utbyggar 1/3 og eigenfinansiering, kommunen, dugnad 1/3.

Frå 2017 må vi ha ein forplikting på eigenfinansiering på kr. 5000,- pr hus. Kontaktpersonar i dei aktuelle bygdene vil samle inn nødvendige underskrifter. Kommunen vil krevje inn beløpet. Næringslivet vert og invitert til å vere med.

### **Restutbygging**

Vi har fått melding om at det kan komme nye direktiv frå EU om tilskotsordningar, men vi går ut i frå at det fortsatt vert opplegg der kommunane kan søkje tilskot. I neste søknadsrunde vil kommunen søkje tilskot for dei områder som står att i Selje kommune.

Det er: Nordpollen, Venøy, Barmøy -- til Rundereim

Selje – Liset- Skårbø

Kjøde – Sande

Drage- Hoddevik- Fure

Eltvik

Ein må rekne med at nokre av plassane må nytte mobile løysingar.

### **Selje sentrum og Leikanger**

Nkom sine kriterier har vore slik at slik at husstandar utan eit grunnleggande tilbod (under 4Mbit/s nedlasting) vert prioritert saman med kostnadseffektiv utbygging og lokal medfinansiering. Selje sentrum og Leikanger har over 4, og såleis ikkje vore med i søknadene til no.

Det er likevel opning for å søkje tilskot på plassar som vert tilbode mellom 4 og 30 Mbit/s, men her vert gitt låg vektning i høve dei som har under 4.

Vi forventar at utbyggingane som no skjer kring sentrum, bør medverke til at aktuelle leverandører samtidig tilbyr sentrum fiber på kommersielt grunnlag.